

Innspel budsjett 2026 – anonym

Eg forstår ikkje korleis Folkelista og FrP tenker at budsjettforslaget skal kunne gje innsparing i skulesektoren. Det er sagt noko vagt om å avlaste Hareid skule, endre kringsgrenser etc. Kvar er innsparinga i det? Skal det vere berre ei klasse på kvart trinn på Hareid? I så fall må ganske mange elevar flyttast til Hjørungavåg og Bigset. Bekymra foreldre i krinsane ropar om kor vanskeleg det er å sende borna til Hareid, men er det betre å sende enkeltelevar til ein ny og ukjent skule, kanskje saman med nokre andre, men sannsynligvis ikkje venane ein er mest saman med?

Kvar skal ei ny kringsgrense gå? Alle elevar frå Holstad og framover til Bigset og alle frå det fine og dyre byggefeltet på Plassane til Hjørungavåg? Eller ein strek midt i Melshornfeltet? Eller ei rotete "grense" som er avhengig av kor mange som bur her og der frå år til år?

Fakta vil sannsynligvis verte at det er store endringar i elevtal på alle tre skulane, men ressursane er for små alle stader til å gje elevane det dei treng. For ingen av foreldra som er urolige for skulenedlegging forstår visst at det ikkje er nok pengar til å halde fram med det gode arbeidet, verken på Hareid, Hjørungavåg eller Bigset skule. Vi må kutte meir og meir! Og då er spørsmålet: er bygg viktigare enn innhald? Er ein lærar åleine i eit fullt klasserom nok?

Eg er sterkt uroa over at fleirtalet ser ut til å vere handlingslamma. Feigheit gjer ikkje at statsforvaltaren er fornøgd!